

Møtebok for Gaular kommune

BARNE- OG FAMILIEDEP	KASS
ARKIVNR. 33001	ÅR.
08 NOV 2005	
SAKSBEH	SIGN:
SAKSNR. 2005/03580 -	205

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
036/05	Skule-/kultur	07.11.05

Høyring -revidert rammeplan for barnehagen.

Arkiv: A1 &13
Saksmappe: 05/00744-3
Sakshandsamar: Jetvard Kalland
Dato: 28.10.2005

Tilråding til vedtak:

Merknadene til forslag til revidert rammeplan slik dei kjem fram i **utheva** skrift, vert vedtekne slik dei ligg føre.

Behandling i Skule-/kultur 07.11.2005:

Atle Hoff kom med framlegg om ein uttale til punkt 2.6 i høyringsutkastet: **Skule-/kulturutvalet vil understreke innhaldet i punkt 2.6: "Fysisk miljø som fremmer alle barns utvikling", og påpeike born sine behov for fysisk aktivitet.**

Skule-/kultur sitt vedtak 07.11.2005

Merknadene til forslag til revidert rammeplan slik dei kjem fram i **utheva** skrift, vert vedtekne slik dei ligg føre med tillegg av framlegg frå Atle Hoff til punkt 2.6: **Skule-/kulturutvalet vil understreke innhaldet i punkt 2.6: "Fysisk miljø som fremmer alle barns utvikling", og påpeike born sine behov for fysisk aktivitet.**

Vedtaket var samrøystes.

SAKSDOKUMENT:

- | | | |
|---|--|--------------------------------|
| I | HØYRING - FORSLAG TIL REVIDERT
RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN | Barne- og Familiedepartementet |
| I | HØYRING - FORSLAG TIL FORSKRIFT TIL NY
BARNEHAGELOV | Barne- og Familiedepartementet |

S Høyring – revidert rammeplan for barnehagen.

SAKSUTGREIING:

Ny barnehagelov trer i kraft frå 1. januar 2006. Ny rammeplan vart sendt ut på høyring 7. september og høyringsforslag til forskrifter til lova 26. september. Frist for høyring på rammeplanen er 7. november og på forskriftene 21. november.

Ut frå relativ kort høyringsfrist på begge dokumenta har ein valt å prioritere merknad til rammeplanen i utvalet. På grunn av fristen, vert uttalen sendt på e-post etter møtet.

Begge dokumenta har vore sendt barnehagane til uttale. Det er mogeleg at ein klarer å få laga ein administrativ uttale på dei nye forskriftene. Den vil då kome som referatsak til utvalet 6. desember.

Ein har fått inn uttale på rammeplanen frå Sande barnehage.

Rammeplanen skil seg først og fremst ut frå nojeldande plan ved ei opplisting innanfor kvart fagområde kva personalet må gjere for å arbeide i retning av dei mål som er sett opp innan for kvart fagområde. Planen er og kortare enn den gamle og inneheld ikkje så mykje drøfting til det enkelte området. Dokumenta er sendt ut av Barne- og Familiedepartementet. Den nye regjeringa har overført barnehagane til det nye "oppvekstdepartementet" saman med skule og forskning. Truleg er dette ei understreking av barnehagen som ein arena for læring.

Kap. 1. Barnehagens overordnede oppgaver.

Kapittelet understrekar barnehagen som formidlar av grunnleggjande verdiar, kulturformidlar og arena for læring og aktiv deltaking. Det vert og vist til lovgrunnlaget for barnehagen sine oppgåver og innhald.

Sande barnehage saknar barnehagen som arena for danning. Det som vert sagt om minoritetar vert ikkje følgt opp seinare i planen.

Skule-/kulturutvalet har ingen merknad til kapittelet.

Kap 2 Grunnleggende begrep og prinsipper.

Kapittelet er delt i seks deler.

2.1: Barn og barndom. Avsnittet understrekar born som sosiale aktørar med sine individuelle behov.

Sande barnehage uttalar ynskje om at drøftinga omkring born og barndom burde vore meir omfattande. Dei saknar poengtering av leiken som verkemiddel. Dette punktet om manglande vektlegging av leik som grunnlag for utvikling, er gjennomgåande i Sande barnehage sin kritikk av rammeplanen.

Skule-/kulturutvalet meiner at leik som sentral aktivitet for born burde fått ein breiare plass i eit punkt som tek for seg barndom.

2.2: Læring.

Sande barnehage meiner avsnittet i for liten grad drøftar ulike aspekt ved læring i høve til dei omfattande krav i kap 6.

Skule-/kulturutvalet har ingen merknad til dette punktet.

2.3: Barns medvirkning.

Punktet er nytt i planen og understrekar born sin rett til å bli sett og høyrte.

Sande barnehage uttrykker bekymring for at dette vert oppfatta som at "Born skal få/får viljen sin" og peikar på dei uheldige sider dette kan få.

Skule-/kulturutvalet ser dette punktet som ei presisering av born sin rett til å verte høyrte og sett og har isolert sett ingen merknad til punktet.

Dei neste avsnitta i dette kapittelet er "Samarbeid mellom heim og barnehage", "Arbeidsmåter og innhald" og "fysisk miljø som fremmer alle barns utvikling". Dei set fokus på sentrale punkt i barnehagen sitt arbeid og klargjer oppgåvene til dei tilsette på ein god måte.

Kap 3: "Barnehagens verdigrunnlag" og Kap 4: "Omsorg og oppdragelse". Her må ein berre berømmme innhaldet, særleg kap 4.

Sande Barnehage påpeikar den grundige behandling omgrepet oppdragelse har fått. Viktig at området vert forpliktande for personalet.

Skule-/kulturutvalet vil understreke innhaldet i kap. 4. Dette kapittelet inneheld kjernen i god barnehagedrift og er viktig å ha med vidare.

Kap. 5. "Lek og læring".

Sande barnehage påpeikar at leiken ikkje kjem tydeleg nok fram.

Ein kan vere einig i dette når ein ser plassen som er brukt i planen på dei to omgrepa. Læring har fått ein større plass enn lek. Isolert sett handsamar likevel planen her desse omgrepa på ein god måte. Når ein ser heile planen under eit, er det grunn til å verte noko betenkt over fordeling av plass mellom lek og læring. Kapittelet som har som overskrift "Lek og læring", brukar nok meir tid på drøfting av læring enn lek. Skule-/kultursjef vil til ein viss grad vere einig i at omgrepet læring har fått ein svært brei plass i planen og at dette gjer at planen har fått ei viss "slagside" i høve til andre viktige omgrep som oppdragelse og utvikling.

Leik må framhevast som ein viktig del av barnekulturen.

Skule-/kulturutvalet vil understreke lek som viktig i høve til born si læring og utvikling og ynskjer at omgrepet får ei grundigare drøfting og plass i den ferdige planen.

Kap. 6. "Barnehagens fagområder".

Dette framtrer som hovudkapittelet i planen. *Sande Barnehage kallar kapittelet ei snikinnføring av nedsett skulestart. Fagområda med si oppstilling og må-formulering, minner mistenkeleg om skulen sin læreplan. Fagområda er gode og viktige i seg sjølve, men oppsettet kan verte for styrande i barnehagen sin kvardag. Dersom dette vert ståande, må den ubundne ressursen til førskulelærar aukast. Ein fryktar og for at støtte til born med to-språkleg bakgrunn kan verte redusert.*

Dei seks områda er alle svært viktige for utviklinga til barnet. Det er truleg at det vil kome rettleiingshefter til desse områda.

Skule-/kulturutvalet vil understreke at dette er viktige område for born si utvikling. Mange av desse "skal" og "må" punkta kan likevel med fordel overlatast til eit rettleiingshefte. Dersom kapittelet vert ståande som i utkastet, er det fare for at lokale variasjonar vert borte. Kapittelet vert alt for styrande på barnehagen sitt innhald, kanskje særleg på bekostning av den frie leiken.

Når det gjeld kap 7 og 8 har utvalet lite å merke.

Det kan likevel vere ein fare for at utvida krav til planlegging, dokumentasjon og vurdering vil føre til trong for auka administrasjon og planleggingstid. Dette må i så fall kompensrast over statleg rammetilskot.


Jøtvard Kalland
skule-/kultursjef

Utskrift til: Barne- og familiedepartementet.

Rett utskrift:
Sande 07.11.05


Anne Karin Folkestad